

Årsmelding Norddalen Skisenter 2013

Styret i Norddalen Skisenter i 2013 var vore:

Leiar	Asgeir Hope	Dale il
Nestleiar	Per Haaland	Svint il
Driftsleiar	Ole Trond Håland	Dale il
Kasserar	Johan Løseth	Dale il
Syremedlem	Fridrik Fee	UWC
Vara	Arnulf Åsnes	Svint il

Styremedlem Fridrik Fee har ikkje møtt på styremøta då han er reiset tilbake til heimlandet.

Eigar av Norddalen Skisenter er Dale il og Svint il i forhold til medlemstal.

Det har i året vore halde to styremøte.

Drifts-sesongen starta laurdag og sundag 9 og 10 februar, denne helga var det seldt 37 billetter.

Helga etter var det noko mindre besøk på grunn av dårleg ver.

Det vart etter kvart ein periode med tekniske problem med tautrekket.

Til slutt brant motoren til tautrekket, trekket var gammalt og det lønte seg ikkje å repedrere.

På styremøte var spørsmålet om skisenteret skulle kjøpe nytt trekk eller legge ned alpindelen. Då det er mest barn og ungdom som er brukarar av alpinbakken valde styret og kjøpe nytt trekk.

Uglum Maskin i Sogndal hadde tilsvaradne trekk på lager til gamal pris kr. 100.000,- Ein del hadde gitt tilsagn om økonomisk stønad.

Ein rekna med å få tilskot frå Sparebankstiftinga i Fjaler, det vart sendt søknad om kr. 100.000,- i stønad. Med skisenteret fekk berre kr. 10.000,-

Ein måtte då henvende seg til næringslivet og enkelperonar om sponsormidlar.

Ein fekk lån i Sparebanken Sogn og Fjordane på kr. 100.000,-

Etter kvart vart det problem med trakkemaskina, det måtte skiftast cluths og ein måtte låne kr. 12.000,- i tillegg, ein fekk og eit privatlån på kr. 6.700,- slik at total lån vart kr. 118.700,-

Ved årets slutt var restlån i Sparebanken Sogn og Fjordane kr. 54.418,-

og privat lån kr. 6.700,- total lån kr. 61.118,- Det er meir enn ein halvering av opprinneleg lånebeløp.

I tillegg har grunneigar gitt tilsagn om fri grunnleige i 5 år. Som har ein verdi på kr. 27.500,- Som ein tilleggs opplysning kan nemnast at det kom inn nye sponsormidlar på kr.9.000,- i januar 2014.

Ein reknar med å få pengar frå Sparebankstiftinga i 2014 slik at all gjeld kan verte sletta.

Det var ein kort sesong i alpinbannen. Lysløypa har vore bra, ein har frivillig betaling for bruk av løypa, det kamm inn kr. 1.900,- så det er nok mange som har brukt løypa. Det er lett vint å sette på lyset for dei som brukar løypa om kvelden, det er berre å slå på ein brytar i boksen på parkeringsplassen.

Ein klarte ikkje å reparere trakkemaskina før til sommaren. Det er no skifta cluts, dei som har gjort jobben har lagt ned mykje arbeid som er gjort på dugnad. Dei fortjener all honør for innsatsen.

No er skitrekk og alpinbakken i den beste stand til ein ny skisesong. Ein vonar at trakkemaskina vil halde nokre år til, det er avgjerane med ei maskin til preparere alpinbakken og til oppkøring av lysløypa.

Ein ser fram til ein ny skisesong, og at mange vil bruke både allpinbakken og lysløypa.

Registrert i Brønnøysundregisteret:

Fylketsmannen har utstedt konsisjon til Norddalen Skisenter i 2009 til org. nr. 975-703.991 som er Dale Idrettslag. Konsisjonen er gyldig fram til 31.12.2019.

Rekneskapen er gjort opp med eit underskot på kr. 79.641,26

Total inntekt er kr. 73.684,- og totale utgifter er kr. 153.225,26

Behaldning i kasse og bank pr. 31.12.2013 kr. 3.314,61

Norddalen Skisenter har ingen tilsette, alt arbeid er gjort på dugnad.

Norddalen Skisenter takke alle for innsatsen i 2013.

Norddalen Skisenter

Asgeir Hope Trond Ole Håland Per Haaland Johan Løseth Arnulf Åsnes
leiar driftsleiar nestleiar kasserar vara